



Olaug Rykkje Hopland og Terje Hopland
Seimsleitet 77
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3811 - 16/33440

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
21.12.2016

Løyve til overføring av areal - gbnr 171/3 Seim

Administrativt vedtak.

Saknr: 608/16

Tiltakshavar:

Olaug Rykkje Hopland og Terje Hopland

Søknadstype:

Søknad om løyve til overføring av areal, jf. plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 bokstav m) og 20-4 bokstav d).

Tiltak

Saka gjeld søknad overføring av eit areal på om lag 240 m² frå eigedom gbnr. 171/3 til eigedom gbnr. 171/61. Arealet er søkt overført som tilleggsareal til eigedom gbnr. 171/61 og er synt på situasjonsplan datert 14.03.16, dagsett 02.12.16.

Arealet som er søkt overført er frå før bebygd med ei garasje som er godkjent oppført på gbnr. 171/3 til bruk for eigedom gbnr. 171/61.

Det vert elles vist til søknad mottaken 02.12.16.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor reguleringsplanen for Seim Kyrkjegard og Håkonshaugen Amfi/planid.: 1263-200104.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla med pbl. § 21-3. Kommunen finn ikkje grunn for å krevje nabovarsling av tiltaket jf. pbl. § 21-3.

Plassering

Arealet som er søkt overført er synt på situasjonsplan datert 14.03.16.

Tilkomst, avkøyrsløse, parkering, vatn og avløp

Eigedomen er sikra tilkomst gjennom reguleringsplan jf. pbl. § 27-4. Eigedom gbnr. 171/61 er bebygd med bustad, og er soleis sikra vatn jf. pbl § 27-1 og bortleing av avlaup jf. pbl § 27-2

VURDERING

Oppretting og endring av eigedom er eit søknadsplitig tiltak etter pbl. § 20-2, jf. pbl. § 20-1 (1) bokstav m). Det føl vidare av pbl. § 26-1 at oppretting og endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



tilhøve i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller at det vert oppretta tomtar som ikkje er eina til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Oppført garasje er godkjent etablert og tatt i bruk i meldingssak 01/1197, i brev datert 10.12.2002. Det aktuelle arealet som er søkt overført framstår på orthofoto frå 2003, 2009 og 2015 som opparbeidd og tatt i bruk til bustadføremaal.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 bplstav d), jf. §§ 20-2 bokstav b) og 20-1 bokstav m) vert det gjeve løyve til overføring av eit areal på om lag 240 m² frå gbnr. 171/3 til eigedom gbnr. 171/61 jf. søknad motteke 02.12.16.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på arealet vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyve er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf. pbl. § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/3811

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Astrid Helene og Johan Leon Mjelde

Seimsleitet 72

5912 SEIM

Mottakarar:

Olaug Rykkje Hopland og Terje Hopland

Seimsleitet 77

5912 SEIM